



<https://malakoff.no/festivalkart/>

Vi ønske deg hjarteleg velkomen til Malakoff. Her er praktiske opplysningar som kan vere nyttig å lese før du kjem til festivalen.

### ÅPNINGSTIDER CAMP MALAKOFF

Fredag: kl 1100 – Søndag: kl 1300

### BYTTE BILLETT TIL FESTIVALBAND

Fredag: kl 1000 – kl 0030

Laurdag: kl 1000 – kl 0030

Innbyttestasjonen finn du ved hovudinggangen til festivalarenaen.

### GJENBRUKSBUTIKK

Ved inngangen til campen finn du gjenbruksbutikken vår. Der kan du kjøpe billig og brukte campingstolar. Ved å kjøpe brukt sparer du pengar, gir festivalutstyret nytt liv og reduserer avfall.

Takk for at du kjøper brukt!

### PARKERING

Festivalparkering 500 m frå festivalområdet/campområdet ved Eid Stadion, Øyane  
Parkeringsvakter vil vere på plass frå kl 8 fredag 18.juli

## **DETTE ER IKKJE LOV Å TA MED INN PÅ CAMPEN**

- Glasflasker
- Grill, gassflasker
- Parasoll
- Aggregat
- Møblar, kniv, våpen
- Dyr

Vaktselskapet kan nekte publikum å ta med gjenstandar dei vurderer kan vere ein risiko inne på campområdet, men dei kan også utvise skjønn om du har spesielle behov.

## **TELTPASS**

Ein teltplass-billett er eit område på 3x4m. Er teltet du skal sette opp større enn dette, må du kjøpe fleire teltplassar slik at du får plass til telt, snorer osv på området du har kjøpt. Det er lov med partytelt – men du må passe på at det er godt sikra/festa.

## **CAMPINFO OG CAMPREGLAR**

- 18 års aldersgrense
- Lov å ta med medbrakt mat og drikke
- Soundboxer er lov ved fornuftig bruk.
- Presenning over telt som ikkje hindrar framkomst er lov
- Det skal vere stille mellom 03:00 og 08:00
- Hugs å ver snill og hyggeleg mot alle!

## **KLIPPING AV ARMBAND**

Vaktselskapet har moglegheit til å klippe av festivalbandet og campbandet ditt dersom din oppførsel ikkje er innanfor våre rammer for skikk og bruk og innanfor lovverket.

## **MILJØ**

Hugs å kildesorter, begrenns mengde søppel og hold orden og rydd etterkvart!

## **MAT OG DRIKKE**

**Pota Madre** vil ha matservering på festivalcampen i år! Også festivalområdet blir det deilig mat og drikke. Alle matleverandørane vil ha vegetariske eller veganske alternativ og glutenfri alternativ.

I år får du i tillegg til vår egen rockemat/bar ete deg både mett og utyst på topp mat & drikke på konsertområdet frå:

- KB77//Kadaver
- Gardsbrenneriet
- Aske / Minibakeriet
- Los Tacos

### **LADING/STRAUM**

Sogn og Fjordane Energi vil ha ladestasjon på campen.

### **TOALETT**

Vatn- og vakumtoalett av «deluxe standard i verdensklasse» både konsertområdet og Camp Malakoff! HC toalett både på konsertområdet og på campområdet.

### **DUSJ**

[Dusjtilbud - Hamnapass](#)